

Språknytt



Køyr debatt!

side 18



Leiar

Ny lov, ny giv

SPRÅKRÅDETS ARRANGEMENT Språkdagen 2020, som du kan lesa meir om i denne utgåva av Språknytt, blei ein suksess, i alle fall målt etter all merksemda. Den nye språklova, som er til handsaming i Stortinget, bør få like mykje merksemd, for det er nå han byrjar, den systematiske innsatsen for godt språk i heile samfunnet.

Ein generell lærdom eg vonar me alle kan ta med oss frå Språkdagen, er at godt og systematisk språkarbeid ikkje er noko som skjer av seg sjølv. Det må prioriterast.

Språkpolitikken må følgjast opp i alle krikar og krokur av det offentlege. Alle sektorar må ta sin del av ansvaret for at innbyggjarane i Noreg skal møta eit godt, oppdatert og forståeleg språk når dei er i kontakt med eller mottar informasjon frå det offentlege.

Diverre er det framleis slik at mange ikkje får oppfylt dei språklege rettane sine.

Difor skal me sørgja for at det blir lett for offentlege verksemder å gjera rett også på språkområdet. Då er det skikkeleg flaut å vera den verksemda som tullar det til med språkarbeidet. Me skal visa fram dei gode døma.

Me skal sørgja for at ingen synest det er greitt å vera den som bryt språklova og ikkje viser respekt for det språklege mangfaldet og dei språklege mindretalsrettane.

Åse Wetås, direktør i Språkrådet

Innhald

4 | 2020

- 3 «Vi må sikre bruk av norsk i samfunnet»
- 5 Språkbrukaren
- 6 Intervjuet



- 10 Barn og medier 2020
- 12 Tegnspråkprisen 2020
- 13 Språkprisen 2020
- 14 Hedret for klart språk
- 15 Språkpolitikk i UH-sektoren
- 16 Ta vare!
- 17 Med andre ord
- 18 Språkdagen på TV



- 26 Samisk i høgare utdanning
- 31 Nyord
- 32 Klipp
- 33 Lesarspørsmål
- 36 Historia bak

«Vi må sikre bruk av norsk i samfunnet»

Det meiner i alle fall dei aller fleste. Språkrådet har kartlagt kva folk synest om norsk språk og språkmangfald.

PÅ OPPDRAG FRÅ SPRÅKRÅDET har Opinion undersøkt kva nordmenn meiner og veit om norsk språk og språkmangfald.

Oppfatningar om språk

Her er nokre av påstandane respondentane skulle seie seg samde eller usamde i («korkje eller»- og «veit ikkje»-svara er utelatne):

Det er viktig at norsk språk står sterkt.

89 % SAMD
2 % USAMD

Det er viktig å sikre at norsk blir brukt i størst mogleg grad i samfunnet.

85 % SAMD
4 % USAMD

Eg synest engelsk blir brukt i for mange situasjonar der norsk ville fungert like godt.

55 % SAMD
21 % USAMD

Eg opplever at det er greitt å bruke målforma mi (dvs. bokmål eller nynorsk) i kontakt med det offentlege.

92 % SAMD
3 % USAMD

Eg får svar i målforma mi (dvs. bokmål eller nynorsk) frå staten.

82 % SAMD
4 % USAMD

Skriftleg informasjon frå det offentlege er ofte vanskeleg å forstå.

47 % SAMD
29 % USAMD

I familien min bruker vi meir enn eitt språk.

22 % SAMD
70 % USAMD

Stadnamn er kulturminne som det er viktig å bevare.

88 % SAMD
2 % USAMD



Kunnskap om offisielle språk i Noreg

Av desse språka, kva for språk trur du er offisielle i Noreg?

- samisk 93 %
- norsk teiknspråk 65 %
- kvensk 24 %
- romani 5 %
- anna 2 %

FASIT: Alle er offisielle, i tillegg til romanes.

85 %

meiner at det er viktig å sikre norsk i samfunnet.

Les meir om teiknspråk i brosjyren «Norsk tegnspråk» på nettsidene til Språkrådet.

Kunnskap om teiknspråk

Teiknspråk er førstespråket eller morsmålet til mange døve.

75 % JA [riktig]
7 % NEI

Det finst mange forskjellige teiknspråk i verda.

63 % JA [riktig]
11 % NEI

Norsk teiknspråk er eit offisielt språk i Noreg.

60 % JA [riktig]
12 % NEI

Norsk teiknspråk er eit internasjonalt språk.

24 % JA
43 % NEI [riktig]

Språkrådet:



Norsk
tegnspråk



Livskvalitet i forhold til hyper-språksensitive

I 2017 UTFØRTE JEG en studie av hvordan mennesker i Norge reagerer på feil bruk av *i forhold til*, som etter hvert er blitt en så stor plage at det har fått et eget navn: *forholdisme* (jf. Per Egil Hegge). I studien kom jeg fram til fire «forholdsgrupper» som reagerer ulikt på forholdismen.

Gruppe 1 og 2 er hardest rammet og opplever symptomer som hjertebank, konsentrasjonsvansker og redusert livskvalitet i situasjoner med høy forholdismefaktor. Gruppe 3 er mindre berørt. Gruppe 4 er ikke klar over problemet og bidrar til å spre plagen.

Fordi det er uklart hvorvidt avsenderen mener å bruke *i forhold til* som preposisjon, tekstbinding eller sammenlikning i følgende situasjoner, skaper det kaos, stress og fortvilelse for medlemmer av forholdsgruppe 1 og 2:

- 1) NRK skriver om hvordan den nye lederen for Hydro «vil starte med å tydeliggjøre en kraftig agenda *i forhold til* ytterligere forbedringer som skal robustgjøre dem».
- 2) Nortura holder foredrag om «et særlig ansvar *i forhold til* dyrevelferd».
- 3) På teoriprøven for motorsykkel *må* man velge alternativet «Motorsyklister tilpasser ikke farten riktig *i forhold til* svingen» for å bestå prøven.


Årsaken til at mennesker reagerer så ulikt på språkfeil, har med såkalt **hyper-språksensitivitet** å gjøre. Hyper-språksensitivitet kan forstås

som at noen mennesker har en innebygd språkalarm som går hver gang de blir utsatt for en språkfeil. Hvor sterkt man reagerer på ulike språkfeil, varierer fra språkbruker til språkbruker.

Når hyper-språksensitive blir utsatt for språkfeil som de reagerer på, igangsettes «fight-or-flight»-responsen i kroppen, også kalt «overlevelsesinstinktet». Responsen gjør at adrenalin pumpes ut, pupillene utvider seg og blodtrykket stiger. Når denne responsen er aktivert, er vi bedre rustet til å kjempe mot eller flykte fra den språklige trusselen. Men å være i konstant «fight-or-flight»-modus uten å ha mulighet til å flykte fra eller endre språkfeilen skaper et langvarig språkstress som er svært helseskadelig.

Forholdsgruppe 1 og 2 har lenge kjempet for å få forholdsgruppe 4 til å slutte å spre vondskapen, uten hell. Resultatet er at forholdsgruppe 1 og 2 nå lever på en øde øy av språkfortvilelse, midt i et hav av språklig unøyaktighet.

At vi har fått et samfunn av språkbrukere som ikke lenger kan leve side om side, er nedslående. Derfor arbeider jeg nå med phd-avhandlingen *Hyper-language-sensitivity and refusal to sacrifice our health for forholdisme* ved Institutt for god språkhelse ved UiO. Målet er å finne en kur mot økt spredning av helseskadelige språkfeil, slik at hyper-språksensitive kan få tilbake livskvaliteten.

A close-up portrait of Abid Raja, a man with dark hair and a goatee, smiling slightly. He is wearing a white shirt, a dark blue tie, and a patterned jacket. The background is a warm, brownish-orange color.

«Språkleg
mangfald er eit
gode, ikkje eit
problem.»

Språklova på Språkdagen

Kulturminister Abid Raja opna Språkdagen 3. november med ei innføring i den språklova han har lagt fram for Stortinget. Opptak av Språkdagen finn du på nettsidene til Språkrådet.

Det viktigaste formålet med den nye lova er å gje norsk språk lovfesta status og sterkare vern som vårt viktigaste uttrykk for kultur, historie og identitet.

Byggjer samhald med språklov

Han vaks opp på biblioteket og snakkar fire språk flytande. På vidaregåande vart han plassert i innvandrar Klasse med lettelse pensum. Nå har han lagt fram Noregs fyrste heilskaplege språklov.

AV SIGRID SØRUMGÅRD BOTHEIM

KULTURMINISTER ABID RAJA nærast unnskyldar seg med det same han kjem inn i rommet.

– Nynorsk er eg ikkje så flink i!

Språkrådet er ikkje ute etter å teste nynorskkunnskapane til kulturministeren, men vi vil gjerne høyre meir om språklova, som han la fram i mai. Saman med lova kom det ei stortingsmelding som peikar ut område som er ekstra viktige for at språkpolitikken skal fungere. Opplæringssektoren, medie- og kultursektoren og IKT-politikken er nemnde som særlege satsingsområde i arbeidet med å tryggje norsk, samisk, nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk. Språkrådet vil få lovfesta oppgåver. ►

«Ei sterkare lovforankring vil heve statusen til språkpolitikken.»

Ministerskifte og koronakrise

Det var ikkje sjølvsagt at språklova skulle bli lagt fram nettopp i 2020. Ei språklov har vore varsla heilt sidan stortingsmeldinga *Mål og mening* vart vedteken i 2008.

Men det vart Abid Raja som greidde å dra arbeidet i land. Den 12. mai 2020, på dagen 135 år etter jamstillingsvedtaket som sidestilte nynorsk og bokmål som offisielle språk i Noreg, la han fram språklova. På dette tidspunktet hadde Raja sete i ministerstolen i mindre enn fire månader. I mellomtida hadde også ein pandemi råka landet vårt.

– Under koronakrisen har det vore vanskeleg. Alt har vore stengt. Vi må koma med ulike kompensasjonspakker til kulturlivet. Heldigvis får vi også gjort ein del «normale» ting. Eg var nettopp i Snåsa for å leggje ned grunnsteinen til Saemien Sijte – Sørsamisk museum og kultursenter. Vi må jo halde fram med dei vanlege aktivitetane i departementet.

Har du fått sett ditt eige stempel på språklova?

– Da eg vart minister 24. januar, var det allereie gjort mykje bra arbeid med språklova. Det har Trine Skei Grande og departementet mykje av æra for. Det var lagt eit grunnlag, men det var ikkje teke politiske avgjerder ennå. Så eg måtte få saka gjennom i regjeringa, og nå står vi samla om lovforslaget.

Lova vart litt forseinka på grunn av koronasituasjonen, men ho vart lagd fram for Stortinget før sommarferien. Nå håpar kulturministeren at Stortinget vil handsama lova før jul.

– Eg er veldig oppteken av at vi skal få vedteke lova i år, slik at ho kan verke frå 1. januar 2021.

Må sikre at lova verkar

Vi veit at det er mange innbyggjarar i Noreg som ikkje får oppfylt dei språklege rettane sine i dag. Kulturministeren meiner at ei språklov både vil auke det allmenne språkmedvitet og gje Språkrådet meir autoritet.

– Ei sterkare lovforankring vil heve statusen til språkpolitikken. Gjennom språkpolitikken skal vi bygge eit einskapleg land. Eg er spent på korleis det går når lova skal drøftast i Stortinget, og eg er oppteken av at Språkrådet skal ha økonomiske musklar til å følgje opp språkpolitikken og språklova. Eg trur at språklova kan styrkje posisjonen til Språkrådet. Eg er glad for at lova slår fast at alle sektorar skal ta eit eige språkansvar, og at Kulturdepartementet skal ha eit koordineringsansvar.

Men korleis kan vi sørge for at ulike sektorar tek ansvar for språket?

– Departementa har eit stort ansvar her. Mellom anna må departementa følgje opp arbeidet med norsk fagterminologi. Det er så lett å kopiere ord og omgrep som kjem frå utlandet, og som snik seg inn i språket på for eksempel oljeplattformer eller legekontor. Og plutseleg har språket i profesjonane fjerna seg frå språket i befolkninga. Vi må sørge for at denne avstanden ikkje blir for stor. Vi har heldigvis mange arenaer som er viktige for å utvikle norsk fagspråk. Språkbanken til Nasjonalbiblioteket er viktig, biblioteka gjer sitt, skulane gjer sitt.

Raja legg vekt på at vi må bruke det norske språket i alle samanhengar.

– Vi skal ta vare på norsk. Samtidig meiner eg at språkleg mangfald er eit gode, ikkje eit problem. Eg meiner det er svært viktig

«'Når ein bannar på urdu, høyrest det ut som om ein kastar blommar!', seier vi på panjabi.»

å følgje opp språkmangfaldet i skulen. Det gjeld ikkje berre bokmål og nynorsk. Vi må også styrkje dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk. Noreg har dessutan fått ei minoritetsgruppe med barn som har andre språk som morsmål. Nå får elevane språkpoeng frå vidaregåande skule når dei søker om opptak til høgare utdanning. Det er ein stor verdi å læra seg framandspråk. Men vi må aldri gløyme kva som er fellesskapsspråka i Noreg. Det er dei språka denne lova vernar om.

Likestilling mellom bokmål og nynorsk

I formålsparagrafen til språkløva står det at lova skal fremja likestilling mellom bokmål og nynorsk, og at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremja nynorsk som det minst brukte norske skriftspråket. Men i dag er det eit godt stykke att til reell likestilling mellom målformene. Offentlege organ bryt den gjeldande mållova stadig vekk.

Korleis kan ei språkløve endre situasjonen?

Raja ser bort på statssekretær Gunhild Berge Stang.

– Vi må passe på at Gunhild blir verande i Kulturdepartementet etter valet!

Raja fortel at han er kjend med at det skjer brot på mållova.

– Eg meiner at det går fram av språkløva at nynorsk som mindretalsspråk krev ekstra styrking. Det er ikkje nok å tenkje likestilling, vi må tenkje særhandsaming for å kunna oppnå likestilling. Eg er glad for at fylkeskommunane også skal ha plikter. Det er ikkje lenger berre statsorgana som skal svara på nynorsk eller bokmål til folk som skriv til dei. Det skal også fylkeskommunane gjera.

Språkmektig statsråd

Lat oss avslutte der vi starta, med dei manglande nynorskkunnskapane til statsråden. Raja fortel at han gjekk i vanleg norskklasse på barneskulen og ungdomsskulen. Men da han begynte på vidaregåande, meinte skulen at han skulle gå i innvandrar Klasse.

– Dette forstod eg ikkje før eg vart vaksen: På den tida fekk skulen meir betalt for elevar i innvandrar Klasse med særundervisning. Skulane fekk tilskot på grunn av oss. Og nynorsk var sjølv sagt heilt utelukka i innvandrar klassene. Eg hadde ikkje noko i ei slik Klasse å gjera, eg hadde gode karakterar i norsk. Eg vaks nærast opp på biblioteket.

Men sjølv om sidemålsundervisninga har vore litt skranten, er kulturministeren meir språkmektig enn dei fleste. Han er fødd i Oslo og har pakistanske foreldre, og panjabi er morsmålet hans.

– Eg lærte fyrst panjabi, det er det mor mi snakkar. Far min ville også at eg skulle lære urdu, det er på ein måte «bokmålet» i Pakistan. Urdu er eit danna språk, medan panjabi er eit røft språk, mellom anna med svært fargerike bannord. «Når ein bannar på urdu, høyrest det ut som om ein kastar blommar!», seier vi på panjabi.

Norsk begynte Raja å lære i barnehagen da han var fire–fem år gammal. Dessutan snappa han opp ein del norske ord frå barne-tv. Etter kvart lærte han også hindi.

– Språk og dialekt rommar mykje kulturelt materiale og heng svært tett saman med identiteten vår. Om språket vårt skulle forsvinne, så vil ein del av landet vårt døy samtidig. Difor er det viktig å sikre norsk språk gjennom ei språkløve. ●

Engelsk brukes mer enn norsk når unge ser på TV og YouTube og spiller spill

Over seks av ti norske 9–18-åringer sier det går mest i engelsk når de ser på YouTube, spiller spill og ser på tv, film og serier, mens norsk brukes mest i nyheter. Det viser nye tall fra Medietilsynets undersøkelse *Barn og medier 2020*.

Les hele rapporten om språk- og medievaner på Språkrådets nettsider.

DET ER FØRSTE GANG undersøkelsen også omfatter spørsmål om hvilke språk som brukes mest på de ulike medieflatene. Medietilsynet har utarbeidet spørkspørsmålene i samarbeid med Språkrådet.

Barn må ha tilgang til norsk medieinnhold
Engelsk er det språket som brukes klart mest på YouTube, i filmer og når barn og unge

spiller dataspill, viser *Barn og medier 2020*. Språkrådet påpeker at unge også trenger et solid medietilbud på norsk for å bli gode i og glade i sitt eget språk.

– Dersom det blir mindre vanlig å bruke norsk på noen områder, kan norsk bli et fattigere språk. Skal norsk være et rikt og godt språk, må vi kunne bruke det både når vi spiller dataspill, når vi er på skolen, og når vi

! De mest brukte språkene

YouTube

64 prosent sier at engelsk brukes mest, 14 prosent sier at norsk brukes mest, og 15 prosent sier at det brukes omtrent like mye norsk som engelsk.

Dataspill

63 prosent sier at engelsk brukes mest, 17 prosent sier at norsk brukes mest, og 14 prosent sier at det brukes

omtrent like mye norsk som engelsk.

Film, serier og tv

62 prosent sier at engelsk brukes mest, 16 prosent sier at norsk brukes mest, og 16 prosent sier at det brukes omtrent like mye norsk som engelsk.


Sosiale medier

32 prosent sier at engelsk

brukes mest, 44 prosent sier at norsk brukes mest, og 19 prosent sier at det brukes omtrent like mye norsk som engelsk.

Nyheter

14 prosent sier at engelsk brukes mest, 68 prosent sier at norsk brukes mest, og 12 prosent sier at det brukes omtrent like mye norsk som engelsk.



snakker med andre, sier Åse Wetås, direktør i Språkrådet.

Medietilsynet sier det er viktig å sikre et mangfoldig medietilbud på norsk, også for barn og unge.

– Når barn og unge møter og bruker engelsk i spill, på YouTube og når de ser film, blir de bedre i engelsk. Det er bra, men vi er opptatt av at barn og unge må ha tilgang til norsk medieinnhold også. Det er viktig både for å utvikle språket og for å ta vare på identiteten, sier Mari Velsand, direktør i Medietilsynet.


Språkrådet etterlyser støtteordning for norsk innhold på YouTube

Norge har støtteordninger som sikrer kvalitetslitteratur for barn og unge på norsk. Det er annerledes på YouTube, mediekana- len som blir brukt av ni av ti norske barn og unge. Der styres mye av det kommersielle innholdet barna ser på, av algoritmer som ofte favoriserer engelsk innhold.


– Vi ønsker oss en prøveordning med støtte til kvalitetsinnhold på norsk på YouTube, fordi det kan gjøre at barn og unge møter sitt eget språk også på den plattformen, sier Wetås.

Prosentandel gutter og jenter i ulike alder sier at det brukes mest engelsk når de


ser på YouTube




spiller spill




ser på film, serie eller tv-program



bruker sosiale medier



leser, ser eller hører nyheter



■ Gutt ■ Jente



Foto: Medietilsynet



Språkdirektør Åse Wetås, fungerende rektor Ann-Kristin Malmquist og avdelingsleder Agnes Stueflaten. Foto: Sonja Myhre Holten / Språkrådet

Tegnspåkprisen 2020 til Ål

Ål folkehøyskole har fått årets tegnspåkpris for sitt arbeid med å skape en tegnspåklig arena for både barn og voksne.

ÅL FOLKEHØYSKOLE OG KURSSENTER for døve er en stiftelse som ble opprettet i 1974 av Norges Døveforbund.

– Jeg er veldig glad for å dele ut prisen til Ål folkehøyskole og kurssetter. Det sier mye om skolens status når Ål nærmest er et eget begrep i tegnspåksamfunnet. På Ål er det de hørende som ikke har tegnspåk som førstespåk, som må jobbe for å forstå og kommunisere. Det gleder meg at det finnes arenaer der det er helt naturlig for tegnspåklærere å bruke førstespåket sitt, sa Åse Wetås, direktør i Språkrådet, da hun delte ut prisen på Nasjonalbiblioteket i Oslo 23. september, på FN's internasjonale dag for tegnspåk.

Tilbud for alle aldersgrupper

Ål folkehøyskole fremmer norsk tegnspåk

og bringer språket ut til døve og tunghørte og deres nettverk og til hørende som ønsker å lære tegnspåk. Det gjør skolen blant annet gjennom Norges Døveforbunds populære leirer for tegnspåklige barn og unge og for hørende barn med døve foreldre. Det siste tilskuddet er en egen leir for døve seniorer.

Ål folkehøyskole er viktig også i opplæringen og videreutdanningen av tegnspåklærere. Neste høst kommer folkehøyskolen med enda et studietilbud for dem som ønsker en karriere som tegnspåklærere.

– Tegnspåklærere er en yrkesgruppe som Norge virkelig har behov for. Alle barn trenger gode språkmiljøer der de kan utvikle en trygg språklig identitet, sa Wetås.

Språkprisen

- Språkprisen er Språkrådets pris for fremragende bruk av norsk språk i sakprosa.
- Prisen er på 100 000 kroner og blir delt ut annethvert år for bokmål og nynorsk.
- Årets nominerte var Aage Storm Borchgrevink, Ingar Sletten Kolloen, Anne Sverdrup-Thygeson, Marte Michelet og Torgrim Eggen.
- Juryen har bestått av Sverre Tusvik (leder), Kaja Schjerven Mollerin, Merete Røsvik og Knut Hoem.



Språkprisen 2020 til Torgrim Eggen

Kombinasjonen av et uhøytidelig og et klassisk språk gjør Eggen til en fremragende sakprosaforfatter, mener juryen.

TORGRIM EGGEN FIKK PRISEN for bøkene *Axel. Fra smokken til Ovn* – *storyen om Axel Jensen* (2019), *Kunstrokk* (2017), *Forbindelsen* (2017) og *HB. En destillert norges-historie* (sammen med Jon Bertelsen og Rudi Høyenes, 2015).

Som sakprosaforfatter har Eggen tatt for seg temaer som hjemmebrent, hasj, sigarer og kunstrokk. Juryen mener at Eggens beskrivelser setter leseren i en tilstand av «estetisk salighet». Videre trekker juryen fram at Eggen skriver «overraskende setninger med store doser uhøytidelig, men samtidig umiskjennelig klassisk dannelselse».

Hovedverk om Axel Jensen

Eggen sin nyeste bok er en biografi om forfat-

teren Axel Jensen. Juryen legger vekt på at biografien gir et helt unikt innblikk ikke bare i Axel Jensens liv, men også i livet og tankeverdenen til dem rundt ham. Biografien beskriver denne delen av norsk alternativkultur på en helt særegen måte. «Tekstene hans er fulle av skarpt iaktatte og presist beskrevne visuelle inntrykk, formidlet i et rytme- og klangbevisst språk», skriver Eggen om Jensen.

Gjennom kapitteoverskrifter som «Grill meg i hekken», «Lem, nenedom og hjem» og «Selvportrett med svinepels» viser Eggen at han er inspirert av Jensens stil, samtidig som han beholder sitt eget journalistiske blikk.

Hedret for klart språk

Språkdirektørens ord til prisvinneren

«Det er tydelig at du er god til å sette deg i andres sted. Måten du snakker på, viser at du har en egen evne til å skjønne hva som kan være vanskelig å forstå. Du er altså en sann klarspråksmann. Jeg har lest at du forsøker å ordlegge deg på jobb som du ville gjort hjemme. Dette mener Språkrådet er et godt klarspråksprinsipp, og vi vil hedre deg for å leve som du lærer.»

Assisterende helsedirektør Espen Rostrup Nakstad har fått pris fra Språkrådet for å bruke klart og forståelig språk i formidling av vanskelig informasjon.

SPRÅKDIREKTØR ÅSE WETÅS DELTE UT prisen på Språkdagen 3. november. Der var Nakstad også med i debatten om helsespråk (se bildet og språkradet.no).

Fra Språkrådets begrunnelse for prisetildelingen

«I denne krisetida har vi sett eksempler på hva uklare informasjon skaper av usikkerhet, ekstraarbeid og ekstra påkjenninger for alle. Men vi har også sett eksempler på glitrende, klinkende klar og tydelig informasjon. 2020 har på alle måter vært et

ekstraordinært år. Da bør det være helt på sin plass at Språkrådet deler ut en ekstraordinær pris for klar og tydelig formidling av koronainformasjon.

Vi mener at ingen har kommunisert informasjon om smittevern bedre enn Espen Rostrup Nakstad. Han har en enkel og likevel tydelig stil, og han klarer å gjøre vanskelige ting enkle å forstå. Han bruker et ukomplisert språk for å forklare folk hva ulike smitteverntiltak innebærer i praksis, og han trekker inn eksempler fra hverdagslivet der det er relevant.»

Språkpolitikk i UH-sektoren

I den nyeste rapporten i *Språkrådets skrifter* kartlegger Språkrådet hva som er status for språkpolitikken ved norske universiteter og høyskoler, og hvilke tiltak som er gjort for å fremme parallellspråkbruk i UH-sektoren.

SPRÅKRÅDET ØNSKER MED DETTE å dokumentere og tilgjengeliggjøre resultatene av det omfattende arbeidet vi gjennom flere år har gjort for å styrke norsk språk i høyere utdanning.

De siste tiårene har engelsk styrket seg på bekostning av norsk ved alle de norske universitetene og høyskolene. Engelsk dominerer stadig mer i forskningspubliseringen, og bruken av engelsk øker i både undervisning, pensumlitteratur og studentarbeid. Ifølge universitets- og høyskoleloven har universitetene og høyskolene ansvar for å videreutvikle og ivareta norsk fagspråk. Skal vi også i framtida ha et velutviklet norsk språk som brukes på alle fagområder, må universite-

Språkrådet

Språkrådets
skrifter / nr. 7



tene og høyskolene følge opp loven og drive systematisk arbeid med fagspråket.

Språkrådet har samarbeidet med flere universiteter og høyskoler for å komme fram til hvordan de i sitt daglige virke kan følge opp ansvaret for det norske fagspråket på en mer systematisk måte. Denne rapporten inneholder en utførlig presentasjon av dette samarbeidet.

Rapporten er utarbeidet av forsker Marita Kristiansen, som leder Språkrådets fagråd for fagspråk og språk i samfunn og høyere utdanning.

Skriftserien kan lastes ned fra sprakradet.no.

Den nye språkloven med tilhørende språkmelding, som er til behandling i Stortinget, legger et grunnlag for en offensiv språkpolitikk, også for universitets- og høyskolesektoren. Faren for domenetap og språkskifte og behovet for å vedlikeholde og utvikle norsk fagspråk er framhevet både i språkmeldingen og forslaget til ny universitets- og høyskolelov.

Ta vare!

Stadig fleire skriv «Ta vare!». Det minner om det engelske «Take care!». På norsk verkar det amputert. Kan det vera rett å bruka det?

DETTE ER MEST EIT spørsmål om stilval, sjølv om «Ta vare!» skurrar grammatisk for mange.

Amputasjonen er ikkje verre enn den vi finn i *Ha det!* for *Ha det bra!*, men det er mykje som talar for å velja andre uttrykk.

Omsetjingslån – ver varsam!

Den kraftige spreinga av uttrykket i seinare tid tyder på at dette er eit omsetjingslån av *Take care!* Merk at det meir fullstendige «Ta vare på deg sjølv» heller ikkje var vanleg før. Ikkje eingong *Pass på deg sjølv!* var det.

Det er ikkje noko i vegen for å ta omsetjingslån inn i språket, så sant dei ikkje trengjer ut dekkjande uttrykk som finst i norsk frå før. Folk får sjølv vurderer om det er verdt å ta i bruk «Ta vare!» privat, men dei bør ta med i vurderinga at uttrykket kan verka irriterande på meir tradisjonsbundne språkbrukarar. Språkrådet vil til dømes ikkje rå statstilsette til å skriva «Ta vare!» i offentleg kommunikasjon.

Tradisjonell norsk: åtvaringar og helsingar
Åtvaring, varsemd og andre ord og uttrykk med den slags varleik er eldgamle i norsk, men vi brukar ikkje *vare* nett slik dei nyttar *care* på engelsk. Uttrykka *Ta deg i vare!*, *Ver varsam!*, *Far varleg/varsamt!* fungerer helst som spesifikke åtvaringar eller oppmodingar på line med *Pass deg!* og *Akta deg!*, ikkje som generelle avskilshelsingar. Eit særmerkt unnatak er det trøndeske «Itj fårrå nålles!» (= «Ikkje far nokoleis», altså 'ikkje kom ut for skade på noko vis').

Til vanleg avskil har vi nytta alt frå *Far vel!* og *Lev vel!* til *Ha det godt/bra!* og i nyare tid særleg det amputerte *Ha det!* Etter sjukdom og skade seier vi sjølvsgagt *God betring!* Men i gamle dagar må helseaspektet ha vore meir framme, elles hadde det ikkje heitt *helsing*. Med *ta vare* har vi fått ei ny helsehelsing. Om ho trengst, er ikkje godt å seia. Førebels rår det meir usentimentale uttrykket *Vi snakkast!* Ein kan vel seia at ynsket om god helse ligg implisitt i det.

I denne spalta tek vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.

Hva heter *empowerment* på norsk?

Power er som kjent styrke eller makt, og *em-* betyr opprinnelig '(inn) i'. Det handler om å gjøre sterk og myndig. *Styrking* kan brukes på noen områder, men som avløser for *empowerment* i en viss moderne betydning har Språkrådet anbefalt ordet *myndiggjøring*.

Ordet i utvalgte kilder

The New Shorter Oxford Dictionary forklarer *empower* som

- 1 invest formally with power, authorize, license
- 2 endow with the ability or power required for a purpose or task, enable, permit

I *Stor engelsk-norsk ordbok* fra Kunnskapsforlaget er *empower* forklart slik:

- 1 bemyndige, gi fullmakt, berettige
- 2 gjøre det mulig for, sette i stand:
discipline empowers an artist to create new forms

Men i sosiologien utviklet det seg en spesialbetydning i 1980-åra:

the fact or action of acquiring more control over one's life or circumstances through increased civil rights, independence, self-esteem, etc. (*Oxford English Dictionary*)

Ordet ble tatt i bruk av WHO allerede før 1980 og brukes i det norske helsevesenet, jf. definisjonen i *Medisinsk ordbok*:

styrking av egen livssituasjon gjennom mobilisering av egne krefter og ressurser

Begrepet kan omfatte både hjelp og selvhjelp, og det kan brukes om både grupper og individer.

Drøfting av de norske ordene

Hvis det gjelder noe rent formelt, kan vi bruke *bemyndige*, *gi fullmakt*, *berettige*. Ordet *bemyndigelse* er blitt brukt en del i helsesammenheng, men både *fullmakt* og *bemyndigelse* har en sterk administrativ klang.

Hvis det gjelder noe allment, kan vi bruke *gjøre det mulig for*, *sette i stand*. Det kan f.eks. handle om å sette noen i stand til å utføre oppgaver på jobben selvstendig. Når noen er satt i stand til det, kan man for eksempel si at de er *selvgående*, *klarer seg selv* eller *mestrer oppgavene*. Men det mangler entydige substantiv – f.eks. kan *istandsettelse* være så mangt.

Til å fylle hullene og dekke den nyere sosiologiske nyansen trenger vi trolig nye ord. Vi kan da ta utgangspunkt i elementet *myndig* eller i den direkte oversettelsen *styrking*.

En som er *empowered*, er styrket og ansvarliggjort slik at vedkommende har fått *makt* og *myndighet* over sin egen tilværelse. **Myndiggjort** og **myndiggjøring** dekker dette bra.

I medisinsk sammenheng (om motvirkning av *maktesløshet*) er *empowerment* omtalt både som *pasientstyrking* og *myndiggjøring* (jf. *myndiggjorte pasienter*).

I andre sammenhenger kan *styrking* og *selvstyrking* kanskje brukes mer. Ellers behøver vi ikke bruke de nye ordene der noe helt vanlig fremdeles er dekkende.



Språkdagen på TV

Fredrik Solvang har snakket med mange kloke folk om språkloven og språkets rolle i samfunnet. Hør hva de har på hjertet.

TEKST **ERLEND LØNNUM** | FOTO **JOHNNY VAET NORDSKOG**



Programmet

- NRK-journalist Fredrik Solvang ledet tre språkdebatter.
- Solvang intervjuet kultur- og likestillingsminister Abid Raja. Se eget intervju med statsråden på side 6.
- Språkdirektør Åse Wetås delte ut språkpris til assisterende helsedirektør Espen Rostrup Nakstad. Se egen sak på side 14.
- Lege Wasim Zahid fortalte om legespråk versus pasientspråk.
- Sametingspresident Aili Keskitalo fortalte om hvordan det er å være i språklig mindretall.

Temaene

Språkdagen 2020 handlet om tre temaer: helsespråk, språk og digitalisering og mindretallsspråk i Norge.

- Hvordan kan språkarbeid i helsesektoren komme pasientene til gode?
- Hvordan kan språkteknologi forenkle hverdagen?
- Hvordan kan det offentlige styrke det språklige mangfoldet i Norge?

Årets hovedtema var det felles ansvaret vi alle har for språket vårt. Temaet er aktuelt på grunn av den nye språkloven, som er til behandling i Stortinget. Den tilhørende stortingsmeldingen om språk understreker sektorenes eget ansvar for å gjennomføre norsk språkpolitikk. Språkrådet ønsket å sette søkelyset på de konsekvensene loven og stortingsmeldingen vil få for det offentlige Norge.





TV-sendingen – nå på YouTube

I år var Språkdagen primært et digitalt arrangement, som ble sendt direkte fra Det Norske Teatret i Oslo 3. november. Sendingen kan du se på YouTube ved å søke på «Språkdagen 2020». Den er tekstet og tolket til tegnspråk. Debattene er også lagt ut enkeltvis.

**Språkdagen
i bilder**



Språkdirektør Åse Wetås og
NRK-journalist Fredrik Solvang var
verter for Språkdagen 2020.



Fredrik Solvang i samtale med Vibeke Herikstad fra Helse sør-øst, Anne Kristin Vie fra Forbrukerrådet og Espen Rostrup Nakstad fra Helsedirektoratet.

«Helgelandssykehuset brukte to millioner kroner ekstra hvert år fordi mange pasienter ikke forstod innkallingsbrevene. Nasjonalt kan kostnaden være over 140 millioner kroner årlig.»

VIBEKE HERIKSTAD

Debatt om helsespråk

SOLVANG: I 2014 la helseminister Bent Høie fram «pasientens helse-tjeneste», der det står at det skal satses på kommunikasjon, at pasien-ten skal settes i sentrum, og at digitale tjenester skal gjøre kontakten med helsevesenet enklere. Hva har skjedd siden disse målene ble pre-sentert?

Forstår alle pasienter helseinformasjon om seg selv? Er alle brev fra sykehusene enkle å forstå? Hvor mye koster det egentlig samfunnet når pasienter misforstår og ikke kommer riktig forberedt til operasjon?



«Vi bruker ikke ordet sykehus lenger i Norge. Vi har helseforetak. Men ganske få forstår forskjellen mellom et regionalt helseforetak og et helseforetak. Det siste er faktisk et sykehus.»

ESPEN ROSTRUP NAKSTAD





Fredrik Solvang i samtale med Cathrine Holten fra Digitaliseringsdirektoratet, Espen Sunde fra Nav, Lars Rønn fra Skatteetaten og Paul Chaffey fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Debatt om språk og digitalisering

SOLVANG: Språket er en viktig komponent i digitaliseringen, både det språket innbyggerne møter når de bruker digitale tjenester, og det språkarbeidet som ligger bak og gjør at systemene fungerer. Skal samtaleroboter være til hjelp, må de forstå spørsmålene, både på bokmål og nynorsk. Skjemaer på nett må være enkle å forstå, slik at vi klarer å fylle dem ut, og offentlige etater må lage felles løsninger som gjør at vi ikke trenger å fylle ut fem skjemaer med informasjon, men kanskje bare ett.

«Vi hadde eksempler på at folk ikke forstod spørsmålet: *Disponerer du boligen din?* Brukertestene viste at flertallet svarte feil, at de ikke visste hva *disponere* betyr. Så vi måtte skrive om. Og det sier noe om hvilket nivå vi må tilrettelegge for.»

LARS RØNN



«Vi må ofte sette jurister og tjenestesignere sammen i et rom, og så må vi vente til det kommer hvit røyk ut. For da har de fått til løsninger som er forståelige for brukerne, samtidig som det er riktig nok.»

CATHRINE HOLTEN



«Digitalisering handler om å finne en balansegang mellom presisjonsnivå og forståelige begreper. Og da er det aller viktigste vi gjør, å bruke et klart og tydelig språk som folk forstår. Det må være et menneskevennlig språk som gjør at vi slipper å måtte ringe og spørre: Hva var det dere egentlig mente? For det koster masse ressurser i offentlig sektor.»

PAUL CHAFFEY



Debatt om mindretallsspråkene i Norge

SOLVANG: Forslaget til språklov gir status og vern til språk i Norge. Dette er særlig viktig for de minste språkene som staten har ansvar for. I denne debatten har vi kalt dem mindretallsspråkene:

- nynorsk som det minst brukte av de to norske skriftspråkene
- de samiske språkene nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk
- norsk tegnspråk
- minoritetsspråkene kvensk, romani og romanes

Flere av disse språkene er lite synlige i den norske offentligheten, men de som bruker dem, har rettigheter. Hvordan er egentlig stoda? Og hvordan jobber myndighetene for at alle språkbrukere skal få rettighetene sine oppfylt?



«Med språkloven blir språkansvaret tydeligere fordi loven slår fast at norsk er det nasjonale hovedspråket i Norge. Det er nytt. Det er også presisert at nynorsk skal framheves særlig, for eksempel ved at også fylkeskommunene får en plikt til å kommunisere på begge målformer. Og så foreslås det en generell bestemmelse om at det offentlige skal kommunisere klart.»

JON CHRISTIAN FLØYSVIK
NORDRUM



«Situasjonen for hørselshemma barn er verre nå enn for 30 år siden. Mange døveskoler er borte, og dermed finnes det færre språkarenaer for barna.»

PETTER NODDELAND



«Det er fint at Språkdagen setter fokus på alle disse språkene i en sammenheng. Språkene har nemlig mange av de samme utfordringene og derfor også mange av de samme løsningene. Og når det gjelder det å skape språklige arenaer, har vi kommet lenger for samisk og nynorsk enn for norsk tegnspråk. Så der har vi en jobb å gjøre.»

GURI MELBY



Øystein Vangsnes fra Universitetet i Tromsø i samtale med kunnskapsminister Guri Melby.

«Språkloven fremmer gode verdier for et liberalt demokrati. Den tar hensyn til ulike mindretall og erklærer staten som flerspråklig. Det gjør demokratiet vårt sterkere.» **ABID RAJA**

Innlegg om språkloven



Kultur- og likestillingsminister Abid Raja fortalte om språkloven.

Hva skjer på Språkdagen 2021?

Send en e-post til sprakdagen@sprakradet.no med «Språkdagen 2021» i emnefeltet. Da sender vi deg etter hvert en invitasjon til sendingen vår neste år med informasjon om debatter og deltakere og lenke til påmelding og sending. Vi holder deg oppdatert.

sprakdagen@sprakradet.no | **Skriv «Språkdagen 2021» i emnefeltet**

Samisk i høgare utdanning

– nye nyansar i språkpolitikken

Korleis kan ein styrkje norsk i møte med engelsk, samstundes som ein styrkje dei språka som staten har ansvaret for? Ei gransking av språkpolitikk og språkval ved Sámi allaskuvla gjev nokre svar på desse spørsmåla.

AV **JORUNN SIMONSEN THINGNES**

Noreg treng ein målretta, ambisjøs og offensiv språkpolitikk som styrkje norsk i møte med engelsk, samstundes som han styrkje det språklege mangfaldet og dei språka vi har eit nasjonalt ansvar for (*Lov om språk*, prop. 108 L (2019–2020), s. 10).

Universitet og høgskular har ifølgje universitets- og høgskulelova ansvar for å vidareutvikle og halde ved like norsk fagspråk. Den einaste institusjonen som er unntatt dette ansvaret, er Sámi allaskuvla (Samisk høgskule), som har ansvar for samiske språk. I doktorgradsavhandlinga *Å velje minoriserte språk. Språkpolitikk og språkval i academia* granskar eg språkpolitikk og språkval ved denne institusjonen. Datamaterialet er observasjon, intervju og styringsdokument. Å granske ein samisk institusjon har gjeve meg

ei breiare forståing av språk i universitets- og høgskulesektoren. Funna frå granskinga utfordrar etablerte sanningar og utvidar perspektiva på språkpolitikk og språkval.

Sámi allaskuvla

Sámi allaskuvla ligg i Guovdageaidnu (Kautokeino). Han er ein særigen institusjon i universitets- og høgskulesektoren ved at nærast all aktivitet ved høgskulen går føre seg på samiske språk, primært nordsamisk. Høgskulen er dels underlagd ein annan politikk enn den som gjeld for resten av UH-sektoren, men som statleg institusjon må Sámi allaskuvla halde seg til dei strukturane som gjeld andre institusjonar. Med strukturar meiner eg her særleg finansierings- og rapporteringsordningar knytte til undervisning og forskning og til vitskapleg publisering.



I 2009 flytta Sámi allaskuvla og Nordisk samisk institutt inn i Diehtosiida (Samisk vitskapsbygg) i Guovdageaidnu (Kautokeino). Foto: Wikimedia

Sámi allaskuvla er ein allsamisk høgskule som rekrutterer studentar og tilsette frå heile Sápmi, og han er akkreditert som urfolksinstitusjon. I tillegg til å skulle verne og utvikle samiske språk skal høgskulen vareta samisk kultur og levesett. Visjonen til høgskulen er at han skal vere eit «samisk og urfolksuniversitet der samisk språk høres og leses daglig, og der samenes og andre urfolks verdier og tankegang står i sentrum» (*Strategiplan 2017–2021*, 2016).

Rolla til engelsk

Når ein nyttar meir engelsk i utdanningssek-

toren, går det ut over bruken av andre språk. Fleire granskingar har vist at akademia er i skvis mellom eit ønske om internasjonali-

sering, som fører til meir bruk av engelsk, og eit ønske om å vareta nasjonalspråket slik at det kan sikrast som eit samfunnsberande språk. Denne situasjonen er dels eit resultat av at forskingspolitikken har internasjonali-

sering som mål, medan språkpolitikken vil styrkje norsk fagspråk. Men skapar bruken av engelsk vanskar for språk som ikkje tidlegare har hatt ein sentral plass i høgare utdanning, eller kan engelsk snarare vere ei støtte for desse språka? ►

«Norsk kan vere meir trugande for samisk enn det engelsk er.»

«Sámi allaskuvla spelar ei sentral rolle i utarbeiding av fagomgrep og såleis i revitaliseringa av dei samiske språka.»

Det vert venta av vitskapleg tilsette i UH-sektoren at dei skal publisere på engelsk. Å publisere på engelsk er viktig for mange forskarar fordi det gjer at dei i større grad kan ta del i den internasjonale forskarfellesskapen. Ved Sámi allaskuvla er engelsk viktig for å kunne kommunisere i den internasjonale akademiske urfolksfellesskapen. Høgskulen nyttar kravet om internasjonalisering til å styrkje seg som urfolksinstitusjon. Såleis dreg høgskulen og dei tilsette nytte av engelskvenlege strukturar som i utgangspunktet ikkje støttar opp om bruken av minoriserte språk (språkstatus som resultat av dominansforhold og dynamiske prosessar).

Den akademiske urfolksfellesskapen er med på å gje verdi til dei samiske språka og til arbeidet ved Sámi allaskuvla. Skal ein in-

stitusjon verte akkreditert som urfolksinstitusjon av organisasjonen World Indigenous Higher Education Consortium, må han oppfylle krav om bruk av urfolksspråk. Det synleggjer verdien språka har i urfolksfellesskapen. Sámi allaskuvla, som i den norske samanhengen er liten, er ein stor og viktig institusjon i den internasjonale akademiske urfolksfellesskapen.

Norsk som det *trugande* språket

Trugande og *trugsel* er ord som skildrar den auka bruken av engelsk i høgare utdanning. Granskinga mi ved Sámi allaskuvla nyanse- rer dette bildet. Som sett er engelsk ei støtte i det urfolkssamarbeidet som institusjonen er ein del av. Vidare syner granskinga at norsk og andre nasjonale majoritetsspråk i Sápmi kan vere vel så *trugande* eller *meir trugande*

Opplæring i samisk

Ulike institusjonar har ansvar for å tilby opplæring i dei tre samiske språka som er i bruk i Noreg i dag. Nord universitet skal tilby lulesamisk (ved studiestad Bodø) og sørsamisk (ved studiestad Levanger), medan Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT) og Sámi allaskuvla skal tilby nordsamisk. UiT har også eit nasjonalt ansvar for samisk forskning og undervising, og Senter for samiske studium held til ved institusjonen.

Sámi allaskuvla er ein statleg høgskule i Finnmark med særskilt ansvar for det samiske samfunnet i det samiske kulturområdet, Sápmi. Høgskulen vart etablert i 1989 og har over 200 studentar frå Noreg, Finland, Sverige og Russland og meir enn 100 tilsette.

for samisk enn det engelsk er (jf. Tove Bull i *International Journal of the Sociology of Language*, 2012, s. 55–73).

Det at dei samiske språka er utsette for press frå norsk, er nemnt i språkmeldinga som vart lagd fram i vår. Granskinga mi viser korleis. Trass i at institusjonen er etablert som ein samisk høgskule, må han rapportere til styresmaktene på norsk. At sentrale dokument må vere skrivne på norsk, strir mot den politikken høgskulen ønsker å føre: Samiske språk skal vere hovudspråk og originalspråk, altså meir enn språk det vert omsett til. I dette tilfellet avgrensar krav frå staten høvet til å bruke samiske språk i sentrale dokument.

Det at tilsette ved Sámi allaskuvla kan oppleve at norsk språk utfordrar samiske språk, må sjåast i lys av fornorskingshistoria. Under fornorskingsperioden måtte brukarar av samisk legge vekk språket sitt. Den kanskje viktigaste arenaen for fornorskinga var utdanningssektoren, og denne sektoren er no like viktig i revitaliseringa av dei samiske språka. Det engelske språket, som har kome inn i biletet seinare, har ikkje hatt den same undertrykkjande rolla som norsk har hatt. Om ein set det på spissen, kan ein seie at norsk språk gjennom tidene har avgrensa urfolksaktivitet i Noreg, medan engelsk no legg til rette for slik aktivitet gjennom sam-

arbeid med andre urfolk og urfolksinstitusjonar.

Samisk som vitenskaplege språk

Sámi allaskuvla nyttar samisk, primært nordsamisk, i alle typar aktivitetar og alle typar publikasjonar, også vitenskaplege. Forskinga ved institusjonen skal vere relevant for det samiske samfunnet. Det at forskinga vert formidla på samisk, er med på å utvikle samiske språk. Å publisere vitenskapleg også på samisk er sentralt fordi det utvidar bruksområdet til språka. Ein parallell er diskusjonen om norsk fagspråk. Fleire har peikt på at det er ein reell fare for at norsk språk i framtida ikkje vil vere brukt i høgare utdanning og forskning. Bak målet om å motverke eit slikt domenetap ligg eit ønske om at norsk språk skal vere samfunnsberande.

Det same ønsket ligg til grunn for målet om at dei samiske språka skal vere vitenskaplege språk. Å styrke samisk fagspråk er også viktig for det fagspråklege krinsløpet (jf. Språkrådet i *Språk i Norge*, 2018, s. 50). Fagomgrep som vert utvikla og brukte i forskning, kan etterpå nyttast i lærebøker, i offentleg sektor og i nærings- og samfunnslev. Sámi allaskuvla spelar ei sentral rolle i utarbeiding av fagomgrep og såleis i revitaliseringa av dei samiske språka, særleg nordsamisk. ►



Samiske språk

Samane er eitt folk, men snakkar ni forskjellige språk. I Noreg er nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk i bruk. Nordsamisk er desidert størst og utbreitt over heile Finnmark og Troms. Lulesamisk vert talt i Tysfjord-området og sørsamisk i Trøndelag og omegn.

«Den språkpolitikken som er god for norsk i akademia, er ikkje nødvendigvis god for samiske språk.»

Dobbelpublisering

Om ein skal arbeide for at dei samiske språka skal vere fagspråk samstundes som ein tek del i ein internasjonal fellesskap, kan ein publisere den same teksten på fleire språk. Samiske tidsskrift opnar gjerne for at forskarar kan publisere på både samisk og engelsk. Utfordringa er at dei fleste andre tidsskrift ikkje støttar dobbelpublisering. Det inneber at tekstar som alt er publiserte, til dømes på nordsamisk, ikkje vert vurderte for publisering på nytt på eit anna språk. Det same gjeld om teksten er publisert på engelsk i eit internasjonalt tidsskrift. Då har ein ofte ikkje lov til å omsetje og omarbeide teksten slik at han kan publiserast til dømes på nordsamisk. Det same gjeld publisering på norsk.

Dette er altså eit problem for bruken av fleire språk i akademia, men det er særleg presserande i den samiske konteksten sidan lesargruppa og mogleighetene for å publisere er avgrensa. Utfordringane som er knytte til publisering, viser korleis strukturar i akademia motverkar bruken av minoriserte språk, og dette er og bør vere eit viktig språkpolitisk tema.

Ujamt maktforhold

Språkpolitikken for UH-sektoren dreier seg i det store og heile om å verne og styrkje norsk i møte med strukturar som favoriserer engelsk. Samstundes er situasjonsskildringa ved Sámi allaskuvla ei anna enn denne – og når situasjonsskildringa er ei

anna, er det behov for ein annan politikk. Ved Sámi allaskuvla er dei ikkje opptekne av å styrkje og verne norsk språk, og engelsk er ikkje sett på som ein trugsel i same grad som i den norske språkpolitikken. Situasjonen er ein annan i Sápmi, og dét er det dels tatt omsyn til i politikken ved at Sámi allaskuvla har eit særskilt oppdrag og ansvar. Samstundes er institusjonen underlagd mange av dei same føringane som andre UH-institusjonar, og han må nytte norsk i kommunikasjonen med det offentlege.

Høvet til å nytte samiske språk i publisering er også avgrensa. Funna frå granskinga ved Sámi allaskuvla gjer det tydeleg at språkpolitikken for UH-sektoren ikkje heilt fungerer i den samiske konteksten, og at språkpolitikk heng saman med forskingspolitikk. Den språkpolitikken som er god for norsk i akademia, er ikkje nødvendigvis god for samiske språk. Det betyr at språkpolitikken for høgare utdanning må nyanserast om han skal gje mening for heile UH-sektoren.

Sámi allaskuvla går inn for å endre eller vege opp for det ujamne maktforholdet mellom språk, og språk- og forskingspolitikken bør støtte dette arbeidet.

Jorunn Simonsen Thingnes er førsteamanuensis ved Høgskulen på Vestlandet.

Når eit ord er ført opp i denne spalta, tyder det berre at vi har registrert at det er i bruk. Det tyder ikkje at Språkrådet går god for ordet.

covidiot *Over halvparten av oss bryter karantenereglene. Flere steder i Europa demonstrerer folk. I Berlin klumpet 17.000–18.000 mennesker seg sammen i protest mot tiltakene. Sosialdemokratenes partileder kalte dem «covidioter», et nyord som spredte seg i rekordfart.*

A-magasinet 9.10.2020

kontantnekt *Kafeer, restauranter, museer og kirker tar ikke lenger imot sedler og mynter. Mange av dem vil gjerne fortsette kontantfritt også når krisen er over. [...] E24 har fått innsyn i klager om kontantnekt til Forbrukertilsynet. I den ene dreier klagen seg om at man ikke får betale bussturen med kontanter. En annen reagerer på kontantnekt på et museum, mens en tredje ikke fikk kjøpt kaffe med cash på Karl Johan i Oslo.*

e24.no 21.9.2020

lyshare *De nye «lysharene» som skal hjelpe Karoline Bjerkeli Grøvdal til norsk rekord på Bislett, kan ifølge NRKs kommentator Jann Post gi mange nye verdensrekorder. [...] Seerne får en smakebit av den nye teknologien når Bislett Games gjennomføres med smitteverntiltak 11. juni. Karoline Bjerkeli Grøvdal skal forsøke å sette norsk rekord på 3000 meter i ensom majestet. Men ved hjelp av blinkende lys inne ved lista kan hun hele veien vite hvordan hun ligger an sammenlignet med Grete Waitz' norgesrekord på 8.31,75.*

nrk.no 1.5.2020

pizzademokrati *«Me var ikkje einige om korleis dette skulle sjå ut klokka to i dag. Men då gjorde me det som me gjer i dette landet: Me set oss ned ved eit bord, bestiller pizza, og så tar me den tida me treng for å bli einige». Slik var oppsummeringa til Iselin Nybø [etter at regjeringa] ville korrigere kommunane si praktisering av lokale karanteneroglar. [...] Når Camilla Stoltenberg vedgår at ho er usikker, eller når regjeringa kjem med framlegg som deretter vert korrigerate av opposisjonen midt i denne krisetida, burde vi eigentleg juble. Då kan vi vite at dei komparativt sett særmerkte kvalitetane til det norske demokratiet utfaldar seg også under krise. For pizza-demokratiet – det leverer!*

Stavanger Aftenblad 7.4.2020

reisehets *Reagerer på reisehets. [...] Mona Øyen så seg lei på at folk som velger å reise til grønne land, ble hetset i sosiale medier. [...] Helseminister Bent Høie [...] ba om at vi ikke føler reiseskam eller lar frustrasjonen gå utover hverandre. – Det hjelper ikke å gå rundt med dårlig samvittighet og skam. Man må ta på alvor de rådene man gir, men alle kan være uheldig og gjøre dumme valg, sa Høie. [...] Det var spesielt innlegg i gruppen «Vi som heier på assisterende helsedirektør Espen Rostrup Nakstad» på Facebook som fikk Øyen til å rase.*

tv2.no 30.7.2020

DET VEKTE REAKSJONAR då det var klart at Microsoft vil droppe nynorsk, samisk og 25 andre språk som menyspråk i e-postappen deira. Kulturminister Abid Raja er positiv etter eit møte med teknologigiganten, som no opnar for å gjere ei ny vurdering. [...] – Norske språk er under press frå utlandet, og nynorsken er under press igjen frå bokmål. Dersom minoritetsspråk forsvinn frå mobilen og dei teknologiske duppedittane vi brukar i kvardagen, ikkje kjem på nynorsk, så vil det presse språket vekk frå folk sin kvardag, seier Raja.

*kulturminister Abid Raja, til
Nynorsk pressekontor*

DET NORSKE SPRÅKET KAN tøyas og bøyes i alle retninger, og vi kan sette sammen ord når vi trenger det. Ingenting er forbudt, mener ordboksjeften [Åse Wetås]. Hun beklager den voldsomme og kanskje ufortjente autoriteten ordbøker har fått over hva som er lov eller ikke. Perfekt, jeg sender ei mental hinketakke midt i fleisen på folk som i et merrasig prøver å kve oss som snakker breit østlandsk. De skal få mellomgå.

Nina Kristiansen, på forskning.no

– JEG HAR JO OMTALT pandemien som en helsekrise, men det er også en økonomisk samfunnskrise. Jeg tror en må konvertere problemet til penger og flytte det i tid og rom fra fremtid til nåtid for at andre kriser skal få samme oppmerksomhet [...], sa Røttingen. – Og så må vi formidle. Oversette kunnskapen til et godt norsk språk. Jeg tror det vil være vanskelig å få politikere til å prioritere saker uten at vi først får samfunnet til å forstå dem, la Stølen til.

*John Arne Røttingen, adm.dir. i Norges
forskningsråd, og Svein Stølen, rektor ved
Universitetet i Oslo, til Universitetsavisa*

FLEIRE TEK TIL ORDE for at ansvaret for å halda oppe det vitskaplege dokumentasjonsarbeidet som normeringa av norsk språk byggjer på, må lovfestast. [...] – Ein må ha ei forståing av at språkarbeidet er grunnleggende for Noreg og for nasjonen, og at det må sikrast. Det handlar ikkje berre om ansvar for eige språk, men òg om det som ligg framføre ein av digitale prosjekt.

*Edmund Austigard, direktør i Samlaget,
til Khrono*

«DET STOPPER OPP hvis man må si det på norsk.» «Jeg liker best å skrive på engelsk. Det er enklere å skrive. Jeg er veldig vant til det.» «Da jeg skulle streame, snakket jeg på engelsk, fordi flere skulle forstå meg. Det er et worldwide språk.» Eksempla over er frå intervju Språkrådet har gjort med norske barn og unge våren 2020. Dei viser eit dilemma: Korleis kan vi delta i ein internasjonal og oftast engelskspråkleg kultur og samtidig ta vare på det norske språket?

*Mari Velsand, direktør i Medietilsynet, og Åse
Wetås, direktør i Språkrådet, i Computerworld*

KOR HERLEG VILLE DET vel ikkje vera om det fanst eit kort, enkelt og presist nytt namn på fylkesmannsembeta som berre venta på å bli teke i bruk? [...] Guvernør framstår [...] ikkje som eit godt alternativ. Det har korkje statlege eller regionale element i seg, men eit tydingsinnhald som peikar på at leiaren styrer eit område. At ordet guvernør i norsk elles blir forbunde med gammalt europeisk kolonistyre eller folkevalde administrasjonsleiarar i USA, talar også mot å velja den tittelen.

*Åse Wetås, direktør i Språkrådet,
i Dagens Næringsliv*

Lesarspørsmål

Har du eit spørsmål, kan du sende ein e-post til sporsmal@sprakradet.no.



Spørsmål: Korleis skal ordet for musikksgjangeren *rap* stavast? Det tek seg dårleg ut som *rap* med éin p, men skriv vi det som ein seier det (*ræpp*), får vi vel ein rapp over fingrane?

Svar Ja, ein har vore varsam med å bruke æ i importord frå engelsk. *Rapp* er den einaste offisielle norske skrivemåten av det engelske musikkordet *rap*.

Det varierer om engelske importord med stutt rotvokal har fått dobbel konsonant til slutt etter vanlege norske reglar. Ofte er det valfritt, som i *hit(t)*, *bag(g)*, *plot(t)* og *handikap(p)*.

Du finn dei rette skrivemåtane i nettversjonen av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. Sjå òg *Lånte fjører eller bunad: om norsk skrivemåte av importord* (1997).

Spørsmål: Jeg ser stadig oftere at folk skriver *russergrensen* og *russergrensa*. Selv har jeg alltid sagt *russegrensa*, uten r. Hva er riktig?

Svar: Denne sammensetningen er ikke normert, det vil si at skrivemåten er valgfri, men det er ingen tvil om at *russegrensa* og *russegrensen* uten *-r-* er det tradisjonelle i norsk.

Forleddet *russe-* finner vi i en rekke sammensetninger, blant annet artsnavn (*russearve*, *russegras*, *russekveke*, *russekobbe*, *russevåk*) og ord knyttet til pomorhandelen og samkvem med russere (*russefartøy*, *russehandel*, *russemel*, *russeenorsk*). Merk også det folkelige meteorologiske uttrykket *russevarme*.

Russe- er det tradisjonelle enten det gjelder Russland, innbyggerne eller noe russisk generelt. Varianten *russer-* brukes bare når sammensetningen peker mot innbyggerne, som *russervennlig* og *russerfiendtlig*. I akkurat disse tilfellene er *r-*en blitt nødvendig.

Men tradisjonelt viser *russe-* altså spesifikt til russere også. Merk at det i nordnorske aviser nesten utelukkende het

russefange til lenge etter krigen, enda ordet viser klart til russere. (De fleste fangeleirene var i Nord-Norge.)

Vi ser et omslag i avisene i både nord og sør etter tusenårsskiftet. Det blir mer *russer-* og mindre *russe-*. Hovedgrunnen er nok at kjennskapen til innarbeidet ordbruk er svekket, men det er sikkert en medvirkende årsak at russeren gjør seg så sterkt gjeldende i mediebildet.

Spørsmål: Veit de kvar uttrykket «å ha noko på tapetet» kjem frå?

Svar: I *Nynorskordboka* finn vi desse opplysningane om ordet *tapet*:

tapet (gjennom tysk, frå italiensk, latin 'teppe, duk', opphavleg iransk)

1 tekstil, papir eller kunststoff til å kle innvendige vegger med

2 eigenleg etter tydinga 'duk (på forhandlingsbordet)'; i uttrykk:

ha på tapetet ha på programmet, ha planar om *vere på tapetet* bli omtalt, diskutert *stå på tapetet* stå for tur, vere aktuell

Tyding 2 er gammal, og uttrykka ovanfor er kjende i fleire språk, jamfør *Ordbog over det danske Sprog* under *tapet* i tyding 3:

tysk *aufs tapet bringen* og lignende, fransk *mettre sur les tapis*, italiensk *metter sul tappeto*, jf. engelsk *be on the carpet* og lignende; egentlig til betydning 1, om hvad der lægges frem (ligger fremme) paa et med tæppe(r) beklædt (forhandlings)bord [...]

i forbindelser som *være, komme* eller *bringe* [...] *have* [...] *paa tapetet*, *være, bringe* osv. paa dagsordenen, til forhandling, paa tale, under overvejelse; i forbindelsen *være paa tapetet*

Uttrykka finst òg i svensk, der det heiter *på tapeten*.

Spørsmål: Innmaten i krabben legges i krabbeskallet. Hvorfor kaller man det ferdige produktet *krabbeskjell*? Krabbe er da vitterlig et skaldyr, ikke et lukket skjell?

Svar: Ja, det ytre skjelettet som krabben har, er et *skall*. *Skjell* er først og fremst det norske ordet for visse bløtdyr (= muslinger) som er dekket av to skall (*blåskjell, kamskjell* osv.), og for hvert av skallene. Men ordet *skjell* kan også brukes overført om mange ting som minner om muslingskall.

Det har lenge vært mulig å bruke *krabbeskjell* om den tomme hoveddelen av krabbens skall, men det var ikke vanlig før i tida. På 60-tallet begynte ordet å feste seg i kokebøker, sikkert under en viss innflytelse fra engelsk *crab shell*.

Valget mellom *fylte krabbeskall* og det mer metaforiske *fylte krabbeskjell* overlater vi til den enkelte, men vi understreker at det ikke er noe galt med *krabbeskall*. Noen mener at *fylte krabbeskjell* er mer presist enn *fylte krabbeskall* (fordi *skjell* utelukker klørne), men en slik presisering er neppe nødvendig i praksis.

Ordet *krabbeskjell* er nok kommet for å bli, i alle fall i lyrikk og oppskrifter. Men *krabbeskall* er det eneste riktige ordet både for hele skallet (medregnet klør) og for bruddstykker av det.

Om Språkrådet

Språkrådet arbeider for å styrkje det norske språket og språkmangfaldet i landet. Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og følgjer opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kulturdepartementet.

Dette gjer Språkrådet

- Språkrådet samarbeider med offentlege og private aktørar om språkpolitiske tiltak, mellom anna om klarspråk i det offentlege og i næringslivet; fagspråk, terminologi og formidling på norsk; fordeling av nynorsk og bokmål i staten og norsk-språkleg teknologi. Vi arbeider for at språkopplæringa skal byggje på språkpolitikken. Vi fører tilsyn med mållova og gjev råd om stadnamn.
- Språkrådet gjev råd og formidlar kunnskap om språk, språkbuk og språkarbeid. Rådgjevinga på nett, nettordbøker, kurs, seminar og publikasjonar er viktige verktøy i dette arbeidet. Vi forvaltar rettskrivinga i nynorsk og bokmål og følgjer med på korleis språket utviklar seg. Vi godkjenner norske ordbøker og ordlister til bruk i skulen.
- Språkrådet fremjar norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritets-språka kvensk, romani og romanes og samarbeider med språkbukargruppene. Vi samarbeider med språkinstitusjonar i andre land, mellom anna om å sikre nabospråkforståing i Norden.
- Språkrådet deler ut Språkprisen for framifrå bruk av norsk i sakprosa og andre prisar og stipend. Vi arrangerer den årlege Språkdagen for å setje søkelys på språk og språkbuk i samfunnet.

Hovudmåla for arbeidet til Språkrådet

- Styrkje statusen til norsk språk og bruken på utsette samfunns-område
- Fremje norsk som eit godt fungerande kultur- og bruksspråk
- Ta vare på det språklege mangfaldet og interessa til språkbukarane

Direktøren leier sekretariatet i Språkrådet, som mellom anna har tre språkfaglege seksjonar. Styret i Språkrådet er utnemnt av Kulturdepartementet. Språkrådet har fire fagråd med språkkunnege og språkengasjerte personar frå heile samfunnet.

www.spraakradet.no

facebook.com/Sprakradet.NO

twitter.com/sprakradet

Språkrådet

Postboks 1573 Vika
0118 OSLO
TELEFON: 22 54 19 50

ANSVARLEG REDAKTØR:
Åse Wetås

REDAKTØR:
Erlend Lønnum
erlend.lonnum@sprakradet.no

JOURNALIST:
Sigrid Sørungård Botheim
sigrid.botheim@sprakradet.no

ABONNEMENT OG
ADRESSEENDRING:
bestilling@sprakradet.no

Signerte artiklar frå eksterne skribentar står for forfattaren sitt syn.

Ettertrykk tillate når kjelda er oppgitt.

OPPLAG: 10 400



Tekstene i dette nummeret finst òg på internett:
www.spraakradet.no/spraknytt

Fire nummer i året
Redaksjonen avslutta
23.10.2020

LAYOUT: Beate Syversen
beate@b-7.no
TRYKK: Zoom Grafisk
ISSN 0333-3825

Framsidediillustrasjon:
Foto: Johnny Vaet Nordskog

Baksidediillustrasjon:
Foto: Nikada / iStockphoto



Returadresse:
Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 OSLO

Historia bak

Ord av tre

Ask, *bøk* og *buksbom* er treslag som har sett tydelege spor i språket vårt.

Av trenamnet *ask* har me fått orda *eske*, *øskje* og *ask*, som viser til bruksgjenstandar laga av asketreet. Av *bøk* har me fått orda *bok* (fleire *bøker*) og *bokstav*. Og av det gamle greske ordet for *buksbom* (*pyxos*) har me via engelsk fått ordet *boks*, som frå først av var ei 'eske av buksbom' (*pyxis*). Både *eske*, *bok* og *boks* var altså opphavleg ting av visse sortar tre.

Ask og *bøk/bok* er norske arveord. I norrønt var *askr* forutan sjølve treet fleire ting med opphav i treet: eit spyd, ein kopp, ein dåse – og den første mannen, Ask, laga av ein askestamme.

Me tenkjer oss at dei i gammal tid rissa runer i plater eller tavler av *bøk*, som er eit hardt treslag. Runene vart kalla *stavar*. Bokstav er slik sett *bøke-rune*, men ordet vart tidleg brukt om teikna i det latinske alfabetet til skilnad frå runer.

Bokfinken kan få siste ordet. Denne trekkfuglen har nok ikkje fått namnet sitt fordi han likar å lese bøker (som ein bokorm), men heller fordi han likar *bøkenøtter*.

Av Marit Hovdenak,
tidlegare seniorrådgjevar
i Språkrådet. Artikkelen er
ei kortform av språkspalta
i Romsdals Budstikke
13. juni 2020.

